


Vedtekter for kommunale barnehagar i Sogndal kommune





Vedtekne i Balestrand kommunestyre i sak 10/19 14.02.19, Leikanger kommunestyre i sak 04/19 28.02.19, Sogndal kommunestyre i sak 10/19 14.02.19 og i Fellesnemnda for nye Sogndal kommune i sak 10/19 24.01.19.

Dei private barnehagane har eigne vedtekter innanfor dei rammer som Lov om barnehagar gjev rom for. Kommunen har 1 representant i SU i desse barnehagane.

§ 1. Eigartilhøve

Sogndal kommune eig og driv 10 kommunale barnehagar; Furuli -, Kjørnes -, Kyrkjebakken -, Notsete-, Ylvisåker -, Fjærland -, Nybø-, Henjaugane-, Fjordtun-, Sagatun- og Nesse barnehage. Desse vedtekene gjeld for dei kommunale barnehagane.

§ 2. Føremål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få oppleve skaparglede, undring og utforskarkrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og ta på alvor barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (jf. barnehagelova §1 Formål)

Nynorsk vert nytta så langt som råd, også i songar og litteratur.

§ 3. Lovverk m.m.

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskriftene til lova, og til ei kvar tid gjeldande rammeplan og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet, reglar for internkontroll, kommunale vedtekter og årsplan for den einskilde barnehagen.

I følgje barnhagelova § 7 skal barnehageeigar fastsetje vedtekter for barnehagen. Vedtekene skal gi opplysningar som er av betyding for foreldra/føresette sitt forhold til barnehagen, her under:

- a) Eigarforhold
- b) Formål, jf. §§ 1 og 1a
- c) Opptaksriterie
- d) Tal medlemmar i samarbeidsutvalet
- e) Opningstid

§ 4. Forvaltning, utval og råd

Kommunestyret er forvalningsorgan for barnehagane i kommunen. Barnehagane vert administrert av rådmannen. Kvar barnehage skal ha foreldreråd og samarbeidsutval. Ved oppvekstsentrana kan det vere felles samarbeidsutval for barnehagen og skulen.

Foreldre/føresette og tilsette vel sjølve sine representantar. Kommunestyret er overordna samarbeidsutvalet og vel sine representantar.



§ 5. Opningstider

Eit barnehageår varer frå 15. august det eine året til 14. august året etter. Alle barnehagane, med unnatak av barnehagane i Balestrand, skal ha ei dagleg opningstid på 9 timer, start- og slutt-tidspunkt på dagen kan variere frå barnehage til barnehage. Barnehagane i Balestrand har opningstid i 9 timer og 15 minutt. Kvar barnehage v/SU fastset opningstida innan ramma av 9 t/d. Barnehagane er stengde på laurdagar, søndagar, helge- og høgtidsdagar og på jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane klokka 12.00. Barnehagane har i tillegg stengt 5 planleggingsdagar for personalet.

§ 6. Plassstilbod

Barnehagane gjev følgjande plassstilbod: 3 dagar i veka; 60% plass, 4 dagar i veka; 80% plass og 5 dagar i veka; 100% plass. Tilbod om dagar må tilpassast drifta og gruppесаманетjingа i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna å få innfridd ønsket sitt om barnehagedagar.

Tal timer i høve plassstorleik er likt for alle barnehagane:

100% plass: 5 dagar/45 timer per veke

80% plass: 4 dagar/36 timer per veke

60% plass: 3 dagar/27 timer per veke

§ 7. Ferie

Borna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse vekene skal vere samanhengande. Den 4. ferieveka er dei 5 planleggingsdagane. Hovudferien til barnet skal vera avtalt på førehand.

Sogndal kommune gjev eit barnehagetilbod heile året, men i den perioden om sommaren med få born i barnehagen, kan det vere aktuelt å slå saman barnehagar som ligg i same nærmiljø. Dei barnehagane som ikkje er sommaropne kan verte stengde inntil 2 veker.

§ 8. Arealnormer

Netto leike- og opphaldsareal er 4.0 m² per barn over 3 år og 6 m² per barn under 3 år.

§ 9. Opptak og opptakskrins

Det er eit samordna hovudopptak om våren for dei kommunale og dei private barnehagane med unntak av Sogndal studentbarnehage som har eige opptak (jf. driftsavtale og § 12 i barnehagelova).

Eit barn må ha fylt eitt år innan utgangen av november, og må ha søkt innan søknadsfristen, for å vera med i hovudopptaket det året. Foreldre som bur i Sogndal kommune kan søkja om barnehageplass til barnet sitt, og heile kommunen vert rekna som ein opptakskrins. Dersom barnehagane har ledige plassar, kan desse nyttast av søkerar utanfor kommunen. Tilboden må vere avklart med bustadkommunen.

Rådmannen tildeler dei kommunale plassane og dei private plassane som vert tildelt i samordna opptak. Rådmannen tildeler plassar etter tilråding frå ei administrativ opptaksnemnd. Opptaksnemnda er sett saman av rådgjevar oppvekst og tenesteleiarane for kommunale barnehagar og styrrarar i private barnehagar. Rådmannen kan gje nærmare retningslinjer for opptaksnemnda sitt arbeid og samansetjing.



Opptak til kvar barnehage vert til vanleg gjort ut frå prioriteringar på søknadsskjema, men etter pedagogisk heilskapsvurdering eller andre grunnar, er det høve til å fråvika prioriteringa. Ved opptaket skal det leggjast vekt på å sikra god og kostnadseffektiv drift av barnehagane i kommunen.

§ 10. Prioriteringskodar ved hovudopptaket:

1. Barn med nedsett funksjonsevne (jf. §13 i barnehagelova) eller barn med vedtak etter lov om barnevernstenester
2. Barn i familiar med særlege sosiale/helse – eller miljøtilhøve som gjer at barnet kan ha nytte av opphold i barnehage
3. Sysken med rett på plass, har førerett til plass i same barnehage
4. Barn som har trong for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege med ein anna språkbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål
5. Barn som har plass i barnehage og som ynskjer endra opphaldstid eller å byta barnehage
6. Mangelpersonell.
Rådmannen avklarar kvart år om denne skal nyttast og kva yrke som skal ha prioritet
7. Resten av borna vert prioriterte etter alder.

Ved søknad om opptak etter opptaksreglane pkt.1 og 2 skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som t.d. helsestasjon, sosialkontor, barnevern eller pedagogisk psykologisk tenestekontor. Av dokumentasjonen må det gå klart fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass framfor andre born.

Opptak etter punkt 1, 2 eller 3 gjev barnet førerett ved opptak, men ikkje rett til barnehageplass, eller rett til plass i ein bestemt barnehage.

Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, vert sett på venteliste. Dersom det vert ledige barnehageplassar seinare, vert ventelista lagt til grunn for plassstildelinga. Det er opptaksriteria som avgjer kva plass ein har på ventelista, ikkje tidspunktet for søknaden.

Formannskapet i Sogndal kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass.

Klagen skal behandlast etter Forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage.

Formannskapet sitt vedtak i ei klagesak er endeleg.

§ 11. Oppseiing og opp- og nedjustering av plass

Gjensidig oppseiingstid av ein barnehageplass er ein månad justert til 1. eller 15. i månaden etter. Oppseiinga skal vere skriftleg.

Barn som har full SFO frå 1.august, får avvikle barnehagetilbodet frå same dato.

§ 12. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret. Foreldra skal ha varsel om endringa 3 veker før ho trer i kraft. Foreldrebetalinga er månadleg, med juli som betalingsfri månad, og vert regulert til nærmeste 15. kvar månad. Betaling for mat og frukt m.m. kjem i tillegg.

Det vert gjeve søskenmoderasjon i samsvar med statlege retningslinjer.

Ved misleghald av foreldrebetaling vert plassen sagt opp av kommunen. Det er rådmannen, eller den han delegerer avgjerdsmynne til, som gjer vedtak om oppseiinga av barnehageplassen.



§ 13. Fritak for betaling i barnehagen

1. Barn som lir av ein livstruande sjukdom som gjer at barnet ikkje kan nytte plassen i barnehagen, kan få fritak frå 1. dag i etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen. Det må liggja ved tilråding frå lege.
2. Dersom sjukdomen gjer at barnet berre kan vera i barnehagen i periodar, skal det betalast ein dagspris utrekna til 1/25 av den fastsette månadsprisen.
3. Andre grunnar

Administrasjonen har fullmakt til å ta avgjer i slike saker.

§ 14. Det vert ikkje innvilga fritak for betaling for følgjande søknader:

1. Søknad om å ta ut barnet grunna ferie
2. Det kan gjevast fritak dersom opphaldet er over to månader og eit anna barn kan nytta seg av plassen i den tida barnet er borte. Eit slikt fritak gjeld frå 1. dato i etterfølgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen.